



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3479-3

## **Hovudsamarbeidsutvalet - Skriv og meldingar 12. oktober 2016**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldinger til orientering.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

### **Meldesak 1) Fylkeshovudverneombod**

Olav Vestrheim har tatt fatt på vervet som fylkeshovudverneombod. Ombodet har ei koordinerande rolle mot dei lokale arbeidsmiljøutvala. Vestrheim tok til i vervet den 15. august 2016.

Fylkeshovudverneombodet (FHVO) er ikkje overordna hovudverneomboda (HVO) eller verneomboda lokalt, men skal ha ei koordinerande rolle og særleg etablere kontakt og nettverk med HVO som er faste representantar i dei lokale arbeidsmiljøutvala.

### **Meldesak 2) Personalforsikringar**

Etter anbodsutlysing har vi no inngått ny avtale om personal- og tingforsikringar for fylkeskommunen. Den nye avtalen tok til å gjelde frå 1. oktober 2016. Avtalen gir oss reduserte premiekostnader. Vi legg også opp til ny periodisering slikt at avtalen følgjer kalenderåret.

Vi plikter å informere dei tillitsvalde om byte av gruppelivsleverandør, ref. HTA:

- 10.5 Forsikring. Etter denne fornyinga vart det ikkje skifte av leverandør. Vi held fram med KLP.

### **Meldesak 3) Bygge- og eigedomstenesta sine tekniske team**

Bygg- og eigedomsavdelinga er i dag organisert med tekniske team som i sitt daglege virke arbeider ute i einingane. Arbeidsmiljøet deira ligg då under etablerte LAMU-områder og vert då ivertekne av det lokale systematiske hmt-arbeidet. Altså den lokale verneorganisasjonen som består av LAMU, dei lokale verneomboda og/eller eit hovudverneombod om det er fleire enn eitt VO i verneområdet til eininga.

Fylkesrådmann gjer likevel framlegg om at LAMU-sentraladministrasjonen tillét at dei tekniske teama peiker ut ein tillitsperson som langt på veg kan fungerar i samsvar med rolla til eit verneombod. Tillitspersonen kan veljast for to år og personvalet kan rullerast mellom tilsette i dei tre regionale teama.

### **Meldesak 4) PPT Eid/Vågsøy**

PPT Eid/Vågsøy har i dag lokalar knytt til Eid vidaregåande skule, men har ingen forankring i systematiske hmt-arbeid eller ei knytting til eit lokalt arbeidsmiljøutval. PPT-kontoret rapporterer direkte til OA i sentraladministrasjonen, men kan heller ikkje naturleg knytast til hmt-arbeidet der. Kontoret har for få tilsette til at ein kan råde LAMU til å opprette eiga underutval. Men her meiner eg at ein må vere meir praktisk retta (pragmatisk) enn å følgje dei organisatoriske linene. Fylkesrådmann ber HSU bestemme at LAMU Eid vidaregåande skule implementerer PPT-kontoret i sitt systematiske hmt-arbeid. Kontoret vert med det omfatta av Eid vidaregåande skule sin sykliske hmt-aktivitet. Det betyr målsetjing, kartleggingar/risikovurderingar, prioritering av tiltak, handlingsplanar, iverksetjing av tiltak, kontroll/evaluering av gjennomføringa samt revisjon av felles internkontroll system vert forankra og behandla i LAMU.

### **Meldesak 5) Introduksjonssamling for nytilsette tysdag 4. oktober 2016**

Om lag 60 nytilsette deltok på samlingen på fylkeshuset denne tysdagen. Introduksjonssamlingen har målsetjing om at nytilsette vert kjend med heile den fylkeskommunale verksemda. På den tilmålte tida mellom kl. 09:00 og 15:45 vart det gitt informasjon om:

- Fylkeskommunen si samla verksamhet
- Intranet og heimesida til fylkeskommunen
- Dei viktigaste lov- og avtaleverka
- Løns- og arbeidsgjevarpolitikk
- Ikt-systema våre (bruk og tryggleik)

### **Meldesak 6) Haustaktivitet**

- ✓ 40timarskurset 2016 - grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap er gjennomført med 17 deltakarar
- ✓ Reinhaldarse4minaret 2016 blir gjennomført 27. og 28. oktober - forventar 70 deltakara
- ✓ Nye seniorkurs for målgruppa 61+ for høvesvis KLP og SPK sine medlemmar
- ✓ Kontaktmøte 2016 – årleg samling der FHVO møter sitt nettverk av HVO
- ✓ Merkantilkonferanse – 20. og 21. oktober 2016

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑